



Vestre Slidre kommune
Lomen industriområde
Planføresegner

Forslag 19.09.2022 KFF

Innhald

1	Område for bebyggelse og anlegg.....	1
1.1	Område for råstoffutvinning.....	1
1.2	Område for industri	2
1.3	Område for skytebane.....	2
2	Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur.....	2
2.1	Vassforsyningsnett.....	2
2.2	Avløpsnett.....	2
3	Hensynssoner	3
3.1	Soner med særlig angitte hensyn	3
3.2	Bandleggingssoner.....	3
3.3	Faresoner flaum (F_320)	3
3.4	Faresoner høgspent (F_370)	3

1 Område for bebyggelse og anlegg

1.1 Område for råstoffutvinning

1.1.1 Føremål

Innan området kan det takast ut fjell- og grusmasser. Etter at uttaket i steinbrotet er avslutta skal området fungere som industritomt med føresegner som i pkt. 1.2.

1.1.2 Sikring, uttakshøgde og avslutting mot terreng

Området skal til kvar tid vere sikra for å unngå skade på personar og beitedyr. Konkrete tiltak, samt ansvarsforhold, skal avklarast gjennom byggemelding.

Masseuttak skal ikkje skje under kote 405.

Brotkanten skal avsluttast med å etablere ein vegg. Denne skal minimum ha to breie terrasser, der det skal fyllast i jord og såast/ plantast til med stadeigne vekster.

1.1.3 Driftstider

Sprenging og knusing skal berre skje på kvardagar (måndag-fredag) i tidsrommet mellom klokka 07 og 16, og all sprenging og knusing er forbudt i tidsrommet 15. februar til 20. mai. Annan produksjon skal vere tillatt på kvardagar mellom klokka 07 og 20. På laurdagar kan uttransport skje i perioden 08-13. Lasting, sprenging og anna arbeid skal ikkje skje i tilknytnad til høgtider.

1.1.4 Byggegrenser

Plan- og bygningsslova § 29-4, 2. ledd gjeld for byggegrenser.

1.2 Område for industri

1.2.1 Arrondering av tomter

Innanfor industriområdet kan areal oppdelast etter dei einskilde bedrifter sine behov. Alle tomter må ha tilgang til regulert veg og frådelingar må skje på ein måte som gjer at det ikkje blir dårleg arronderte restareal til overs.

1.2.2 Utnyttingsgrad og høgd

Tillaten utnyttingsgrad er 80 %-BYA inklusive biloppstillingsplassar. Alt behov for parkering skal løysast inne på kvar einskild tomt. Bygg kan dekke inntil 50 %-BYA. Maksimal mønehøgd over gjennomsnitteleg planert terreng er 12 meter. Takvinkelen skal vere mellom 15 og 30 grader.

1.2.3 Estetikk og inngjerding

Ubebygde areal på tomte skal gjevast ei tiltalende utforming. Inngjerding av parsellane må meldast til kommunen, som skal godkjenne plassering, høgd, materialeval, konstruksjon og farge på gjerdet.

1.3 Område for skytebane

1.3.1 Utnyttingsgrad og høgd

Tillaten utnyttingsgrad er 80 %-BYA inklusive biloppstillingsplassar. Alt behov for parkering skal løysast inne på kvar einskild tomt. Bygg kan dekke inntil 50 %-BYA. Maksimal mønehøgd over gjennomsnitteleg planert terreng er 12 meter. Takvinkelen skal vere mellom 15 og 30 grader.

2 Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

2.1 Vassforsyningsnett

Innan området er det pumpestasjon for vatn som kan oppgraderast.

2.2 Avløpsnett

Innan området er det infiltrasjonsanlegg for avløp som kan oppgraderast.

3 Hensynssoner

3.1 Soner med særlig angitte hensyn

3.1.1 Bevaring kulturmiljø (H_570)

Innan H_570 er to hustufter og steingjerde med varierende bevaringsgrad. Ved skjøtsel og landbruksdrift bør ein ta omsyn til desse.

3.2 Bandleggingssoner

3.2.1 Bandlegging etter lov om kulturmine (B_730)

Innan sonene er det kolgroper eller fangstgroper med sikringssoner. Anlegga med sikringssone er automatisk freda etter lov om kulturminne.

3.3 Faresoner flaum (F_320)

3.3.1 Faresone F_320_1

Dette gjeld faresonen mot Begna elv. Innan sonen er tiltak ikkje tillate.

3.3.2 Faresone F_320_2

Dette gjeld faresonen mot bekken i sørvest. Der denne sonen går inn på Industriområde B og C og Skytebane må terrenget hevast før tiltak kan igangsetjast.

3.3.3 Faresone F_320_3

Innan denne sonen må terrenget som hovurdregel hevast med 0,5 m før tiltak kan igangsetjast. Mindre terrenghevingar før tiltak kan godkjennast eter konkret vurdering, jf. rapport i journalpost 22/7335.

Stikkrenne under tilkomstvegen til området skal oppgraderast i samsvar med rapporten i journalpost 22/7335.

3.4 Faresoner høgspent (F_370)

Det skal vere minimum 6,0 meter frå ytre del av høgspentlina til næraste bygningsdel.